



Årsmelding 2024

Luster Turlag



Luster Gålag på tur - Foto: Stein Bugge Næss



Vår hovedsponsor:





Arbeidet i Luster Turlag

I samsvar med vedtektene er føremålet til Luster Turlag «å arbeide for eit enkelt, aktivt, sikkert og naturvenleg friluftsliv». Arbeidsområdet er Luster Kommune. Turlaget vert leia av eit styre på 7 medlemmer med 2 varamedlemmer. Luster Turlag har saman med Sogndal Turlag ein fast stilling, 30% administrativ støtte. Gry Thyrrestrup har vore tilsett i stillinga sida 1. desember 2023.

Styret 2024:

Leiar:	Oddstein Haugen	Styremedlem:	Liv Endresen
Nestleiar:	Anne Merethe Feigum	Varamedlem:	Arne Fossøy
Kasserar:	Bente Helene Skildheim Nes	Varamedlem:	Bjarne Venjum
Styremedlem:	Albert Tuften (DNT ung)	Varamedlem:	Ragnhild Melheim
Styremedlem:	Marte Veivåg Aase	Varamedlem:	Anders Johnsen
Styremedlem:	Hanne Teigen (Barnas Turlag)	Ansvarleg FTU:	Anita Kjørlaus

Årsmøtet for 2024 i Luster Turlag vart halde 7. februar på Luster Ungdomsskule i Gaupne.

Turlaget er organisert med følgjande grupper; Barnas Turlag, DNT Ung Luster, kajakkar og kajakknaustet, Fivla Turisthytte, Fuglesteg Turisthytte, Tungestølen Turisthytte og Dagsturhytta Eikjabu. I tillegg Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemma (FTU), dette tilbodet er eit samarbeid mellom Luster frivilligsentral, NFU Luster lokallag og Luster turlag.

Det har vore gjennomført 8 styremøte, med til saman 79 saker. Leiarane for utvala har ved fleire høve vore med på styremøta. Leiarar av Barnas Turlag og Ung er faste styremedlemmer. Ein viktig del av styremøta er rapportering av status og planar frå dei ulike gruppene i turlaget.

Styret takkar alle tillitsvalte og dugnadsfolk for innsatsen i 2024.



Foto: Stein Bugge Næss





Aktivitetsstatistikk

På grunn av mykje dårleg vær har mange ordinære fellesturar vorte avlyst i 2024. Det har likevel vore god aktivitet i det nyoppstarta Gålag og FTU som har gjennomført mange turar med godt oppmøte. Barnas Turlag og DNT Ung har hatt betydeleg mindre aktivitet dei siste åra, men har framleis gode deltakartal på arrangement som Kom deg ut-dagen og Opptur.

	2024	2023	2022	2021	2020
Gjennomført tal turar	28	19	38	24	9
Gjennomført tal arrangement	2	17	6	11	5
Deltaking - ordinære turar	74	157	261	238	183
Deltaking - Luster Gålag	153				
Deltaking - Ung-turar og arrangement	13	14	70	49	43
Deltaking - Skolearrangement/tur	50	111			
Deltaking - BT-turar (trilletur)	299	423(14)	170 (28)	102 (32)	384
Deltaking - arrangement	202		180	310	109
Deltaking - FTU	229	238	180	60	
Deltakarar - totalt	1020	983	886	790	719
Gjennomsnittleg deltaking på turar/arrangement	36	27	25	27	21
Topp-/Turbotrimmen - registreringar		300			
Fivla - Overnatting	314	387	268	310	264
Fivla - Dagsbesøk			-	-	15
Fuglesteg - Overnatting	550	300	530	550	350
Fuglesteg - Dagsbesøk	5000	4000	3000	5 000	6000
Dagsturhytta Eikjabu	500				700
Utlån av kajakkar	265	260	290	650	400
Tungestølen - Overnatting	1323	792	1069	1149	931
Tungestølen - Dagsbesøk					



Utvikling medlemmer i Luster Turlag

Luster Turlag hadde i 2024 594 medlemmer. Medlemstalet held seg jamt samanlikna med fjoråret, men ein ser at det har vore ein liten nedgang i tal medlemmer dei seinare årene.

Etter at nytt medlemssystem blei innført i DNT, kan det tyde på at turlaget har mista nokre medlemmer som ikkje er busett i Luster kommune. I det nye medlemssystemet kan dei ha blitt registrert som medlemmer i heimstadkommunen.

Medlemstal Luster Turlag	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Total	594	595	651	646	710	738	732	703	708
Alder									
0-12	63	64	79	87	96	98	102	105	117
13-18	42	43	51	63	73	67	64	59	66
19-25	48	48	61	62	74	78	65	65	61
26-40	101	96	112	100	100	97	107	103	97
41-59	173	186	190	180	204	227	237	232	238
60-66	71	72	75	79	89	88	84	72	73
67+	96	86	83	75	74	83	73	67	56

Dugnadstimar

Gruppe	Tal timar
Styreleiar	100
Deltaking S & Fj Turlag	60
Styremøter	88
Årsmøte	120
Økonomi	90
Hyttedrift	2261
Stimerking	152
FTU	94
Kajakk	10
Gålaget	148
Barnas Turlag	73
Turleing	42
Total	3238





Økonomien i Luster Turlag

Luster Turlag har eit resultat for 2024 (01.01.2024-31-12.2024) på kr. 555.702,-

Rekneskapen består av drift av hyttene Fivla, Fuglesteg, Eikjabu- kajakknaustet. Drift av Tungestølen blir sett ut til eksterne, men turlaget får losjiinntekter som er inkludert i resultatet, samt den nye ubetente hytta på Tungestølen- Austerdalshytta er inkludert i resultatet.

Luster Turlag har hatt eit godt driftsår og har ein sunn økonomi. Luster Turlag har betalt ned 153 334,- på lånet i næringsfondet i 2024 og har elles ikkje lån utover dette. Då dei vart nedbetalt i 2023. Leigeinntektene for Tungestølen er basert på ein andel av overnatting og utgjør tilsaman kr. 350.995,- i rekneskapsåret. Noko som er ein auke samanlikna med 2023. der inntektene var på kr. 252,147,-.

Luster Turlag har søkt og fått støtte i 2024:

- Luster Turlag har fått kr. 167 000,- i støtte frå DNT Sogn og Fjordane
- Luster Turlag har fått kr. 22 300,- i støtte frå DNT si Frifondtildeling. Pengane er forbeholdt aldersgruppa 0-26 år.
- Luster Turlag har fått kr. 30 000,- i støtte frå Luster Kommune til toalett på Tungestølen
- Luster Turlag har fått kr. 50 000,- i gåve frå Luster Sparebank



Vår hovudsponsor:



Årsmelding 2024



Resultat	2023	2024
Salvarer og tjenester	826 925	1 124 304
Tilskot	362 417	315 120
Sum inntekter	1 189 342	1 439 424
Driftskostnader		
Vareforbruk	80 574	41 653
Lønn og andre personalkostnader	198 707	329 395
Andre driftskostnader	511 631	526 435
Sum driftskostnad	790 912	897 483
Netto finanskostnad	-5 540	13 762
Resultat	392 891	555 703

Ved utgangen av rekneskapsåret hadde Luster Turlag eit bankinnskot på kr. 784.973,- og ei samla gjeld på kr. 2 146 669,-. I 2024 har Luster Turlag betalt ned kr. 153.334,- på lånet i næringsfondet.



Årsmelding 2024



Eigedelar	31.12.2023	31.12.2024
Fivla	252 800	252 800
Kajakkar	-	-
Tungestølen	14 982 663	14 982 663
Austerdalshytta	4 169 879	4 169 879
Anleggsmidler	19 405 342	19 405 342
Varelager	131 571	111 571
Vegen Fortun, Furåsen, Fuglesteg	-	-
Kundefordringer	32 110	40 111
Opptjent, ikke fakturert driftsinntekt	-	-
Andre kortsiktige fordringer	-	-
Bankinnskot	349 625	784 973
Omlaupsmidler	513 306	936 655
SUM EIGEDELAR	19 918 648	20 341 997
Eigenkapital og gjeld	31.12.2023	31.12.2024
Eigenkapital	17 590 219	18 145 922
Pantelån	-	-
Lån Luster kommune	2 300 000	2 146 566
Tippemidler Luster Kommune	-	-
Leverandørgjeld	13 411	59 512
Meirverdiavgift	15 018	(10 004)
Annen påløpt kostnad	-	-
Sum gjeld	2 328 429	2 196 074
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	19 918 648	20 341 996



Vår hovudsponsor:





Me har ikkje starta med avskriving av bygga på Tungestølen, fordi me har nettoført eit tilskot på kr. 3.500.000,-.

Anlegg på Tungestølen

	Tungestølen	Austerdalshytta	Total
Investert beløp (eks mva)	18 510 002	4 169 879	22 679 881
Nettoført tilskot	(3 500 000)		(3 500 000)
Avskrivingar tidlegare år	-	-	-
Balanseført verdi 01.01.2024	14 982 663	4 169 879	19 152 542
Tilgangar i år	-	-	-
Avskrivingar i år	-	-	-
Balanseført verdi 31.12.2024	14 982 663	4 169 879	19 152 542

Årsmelding 2024



Luster Turlag



Til årsmøtet

LUSTER TURLAG

REVISJONSMELDING 2024

Resultatet gjeld for perioden 01.01.2024 til 31.12.2024, og balansen representerer status per 31.12.2024.

Me har gått gjennom resultatrekneskap, balanse og stikkprøvar på bilag for perioden. Det er ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar i vår gjennomgang.

Årsresultat for Luster Turlag viser eit overskot på kr. 555.702

Luster Turlag har no samla bankinnskot på 785 tusen kroner og ein eigenkapital på 18.146 tusen kroner.

Gaupne 21.01.2025



Kjell Arild Høyum

vald revisor



Helga Kalhagen

vald revisor

Barnas Turlag



Vår hovudsponsor:

Luster Sparebank



DNT ung





Medlemskap i DNT Sogn og Fjordane og tilknytning til DNT

Luster Turlag er eitt av dei 14 lokallaga i DNT Sogn og Fjordane og Luster Turlag er dermed ein del av Den Norske Turistforening (DNT).

Oddstein Haugen og Gry Thyrrestrup deltok på DNT SFJ sitt årsmøte på Skei 16. mars 2024. Det vart diskutert saker som rekneskap, årsmelding, kontingent, budsjett og handlingsplan.

Oddstein Haugen og Bjarne Venjum var til stades under DNT SFJ sin årlege fellessamling som vart lagt til Førde den 2.-3. november. 12 av 14 turlag vart representert på møtet. Her vart det diskutert saker som sikkerheit ved aktivitetar, beredskapsplan, implementering av digitale system, arbeidet med DNT Ung, nye vedtekter mm.



Vår hovudsponsor:





Topptrimmen 2023-2025

Topptrimmen utfordrar dei som vil besøka fjelltoppar rundt omkring i kommunen. Ti toppar blir utplukka, og deltakarane har tre år på seg til å besøka alle. Beviset på at ein har vore på plassen er eit klipp i deltakarkortet. Deltakarane plukkar med seg ein stein som dei leverer inn, for får den montert på ein sokkel med messingplate der både namnet på toppane og deltakaren er innfresa.

Dette er sekstande gongen Luster Turlag inviterer til Topptrimmen. Dei same toppane som stod i kortet for 30 år sidan, skal no få nye besøk. Deltakarane får tre somrar på seg til å finna fram til desse ti fjelltoppane som ligg spreidde rundt i heile den vide Luster kommune. Toppene som er utvald for Topptrimmen i 2023-25 er:

1. Tverrdalstind 1585 moh
2. Tisedalshøgdi 1228 moh
3. Buskrednosi 1505 moh
4. Holmevassnosi 1653 moh
5. Børesteinen 985 moh
6. Falkanosi 1559 moh
7. Sveidalsnosi 1711 moh
8. Vestre Holåtind 2039 moh
9. Simlenosi 1766 moh
10. Stetind 2020 moh

Det er for 2023-2025 produsert 400 deltakarkort. Vanlegvis blir det selt 300-350 kort, og om lag halvparten av dei som kjøper kort, fullfører med alle ti toppane.

Vigdalsdiltten

Vigdalsdiltten har vore eit årvisst arrangement i 45 år og går frå Vigdalen via Vigdalsstølen til turlaget sine hytter på Fivla. Der blir det servering av kaffi, saft og kake før ein går vidare over fjellet langs T-merka rute til Navarsete og bilveg i Engjadalen – ein tur på rundt 20 kilometer som dei fleste treng 5 til 7 timar på.

I år var Vigdalsdiltten arrangert den 21. juli og det var 45 deltakarar på turen.





Barnas Turlag

Kom-deg-ut dagen

Kom deg ut dagen blei arrangert på Sogn Skisenter 4. februar. Det var stor deltaking, og det gjekk med over 300 pølser til store og små. Me fekk inn 70 svar på turtippen, og alle som deltok fekk ein premie.

Takk til Sogn Skisenter for godt samarbeid og flotte løyper!

Takk til alle frivillige som har jobba heile dag, og alle som var innom arrangementet vårt!



Tur til Nyestølen

29 deltakrar på turen til Tjødne. Litt ruske vær, men turbingo for dei minste på tur fram. Mange fiskestenger og spente fiskarar, men 0 fisk. Det vart sikrast å kjøpa middagen på Tungestølshytta. Mange nytta høve til middag på Tungestølshytta etterpå.



Eventyr i Parken – Friluftslivsteater i Solvorn

I samarbeid med Teateret Eventyr i Parken og Luster Folkebibliotek arrangerte Barnas Turlag friluftslivsteater i Solvorn den 17. juni. 40 barn og vaksne møtte opp til ein eventyrleg ettermiddag



Vår hovudsponsor:





der me fekk møte Skogsprinsessa som skulle kronas til dronning av skogen. Skogprinsessa er ein framsyning i det fri der skodespelarar og ungar saman går på tur og opplever eventyret utfalde seg i skogen. Framsyninga føregjekk i Solvorn på stien langs Lustrafjorden mot Nyre. Etter framsyninga samlast barn og vaksne til grilling på stranda i Nyre. Dette var en kjekk oppleving for store og små.



Foto: Gry Thyrrestrup



DNT Ung Luster

Opptur 4.juni 2024 .

Elevar frå 8. klasse ved Luster Ungdomsskule og Hafslo Barne og Ungdomsskule var med på turen. Me gjekk frå Gaupne via Kallhagen og til «Gjellene» og vidare bort til skogsvegen. Der hadde me matpause og konkurransar. Returen gjekk ned skogsvegen om Røneidagrandane og tilbake til start.

Fin tur og kjekke elevar.



Foto: Arne Fossøy



Full innsats i stafett med spikre. Foto: Arne Fossøy

Stisykling på Heggemyrane

7. september arrangerte DNT Ung stisykling i Heggemyrane. Her var ein sprek gjeng samla for litt fart og moro i sykkelløypa. Takk til Trygve Erichsen for organisering.



Foto: Arne Fossøy





Friluftsliv tilrettelagt (FTU Luster)

FTU Luster har vore i drift sidan 7.oktober 2020.

Sidan 2023 har me hatt 2 faste frivillige som har hjelpt til med planlegging, førebuing og gjennomføring av aktivitetane. På starten av året vert det laga eit årshjul over aktivitetane der ein fordeler kven som er ansvarleg for dei ulike aktivitetane. Også deltakarane er delaktige med å kome med innspel til kva dei har lyst til.

Friluftsliv har etterkvart blitt svært populært hjå målgruppa, og det har kome til nye deltakarar, også i år. På friluftaktivitetane våre plar det vere mellom 10 – 13 deltakarar. Ledsagarar kjem i tillegg, så totalt kan me vere over 20 deltakarar.

For å gjere det lett å hugse har me bestemt at aktiviteten skjer den andre onsdagen i månaden.

Det har vore gjennomført 10 arrangement i 2024. Hadde pause i juli og august.

Det er varierte aktivitetar som vinterdag på Sogn Skisenter med hundespannkøyring og grillmat. Me har hatt uteaktivitetar som boccia/balleik/kubb, friidrettsdag, natursti, stjerneorientering og refleksrebus.

Høgdepunktet var i februar med Fjordhusky og hundespannkøyring på Sogn Skisenter i nydeleg vintervær.

På alle arrangement fyrer me opp enten bål eller bålpanne. Me avsluttar med sosialt samvær rundt bålet og eter kveldsmat saman. Alle har med bålmat medan dei frivillige serverer varm drikke.

Det er mykje prat og latter på våre arrangement, noko me tolkar som trivsel og glede av å få vere saman og oppleve naturen.





Luster Gålag

2024 var det første året med Luster Gålag. Ein byrja litt forsiktig med åtte planlagde torsdagsturar og vona på god interesse etter at ein hadde sett på suksessen til tilsvarande lag i Årdal og Sogndal.

Første turen gjekk til Framfjorden med Vidar Lægreid som flink kjentmann og 23 deltakarar. På dei fleste andre turane var deltakartalet om lag det same, og med flinke kjentmenn fekk deltakarane både god mosjon og mykje interessant informasjon. I Mørkridsdalen møtte heile 30 opp for å vera med Geirr Vetti på omvising i Skåri, der han har meir enn tjue restaurerte hus å visa rundt på tunet.

Ein planlagd tur til Bjødnaholten og Indre Offerdal i Årdal måtte avlysast på grunn av regn og ruskever. På dei andre sju turane var i alt 153 med, noko som gir eit snittal på 22 deltakarar. Dette må me vera nøgde med.

Styret med Bjarne Venjum, Øygunn Listou, Søvrina Hauge og Stein Bugge Næss har med optimisme sett opp forslag på ti interessante turar i eigen kommune og i nabokommunane i 2025.



Foto: Stein Bugge Næss



Vår hovudsponsor:





Kajakker



Naustet i Feiga. Foto: Einvald Erichsen

Statusrapport for 2024-sesongen pr september:

Tap av utstyr/skade:

- To stk Venture Islay Cruiser kajakkar, 3 vestar og to årer forsvunne frå naustet i Feiga i løpet av sommaren. Tiltak: Naustet blir låst med DNT-standardlås.
- Senkekjølør på alle 3 P2-kajakkene i Vedvik øydelagt. Kjølørane blir demontert, men ikkje erstatta, kajakkane fungerer også utan kjøl. Pedalsett brokket i ein av P2-kajakkene, nytt bestilt.
- Ingen meldingar om personskade/uhell.

Selt utstyr:

- 3 Easky 15 enkle kajakkar og en dobbel kajakk frå Vedvik

Innkjøpt utstyr 2024 for midlar fra Sparebankstiftelsen levert av Padlespesialisten:

- 3 stk kajakkar VENTURE Islay Cruiser: 33 727,50
- 3 årer Wolferine light: 3 822,75
- 7 vestar Crewsaver CSR MK3: 4 194,75
- 4 trekk SEALS Inlander: 2 997,00
- 4 pumper SEA TO SUMMIT 1 197,00
- Totalt kostnad med frakt 49 689,00

Fordeling av det nye utstyret: 1 kajakk med årer i Feiga, resten i Vedvik. 2 gamle vestar frå Vedvik flytta til Feiga slik at det er vestar og årer til alle fire kajakkane der. Utslite trekk (4), pumper (4), vestar (3) og årer (2) kasta.

Utstyr i naustet i Vedvik september 2024:

Enkle kajakkar: 10 stk (ein av disse har defekt fotstøtte, ny bestilt)

Doble kajakkar: 2 stk

Trekk: 16

Årer: 14 + en barneåre

Vestar: 16 stk + ein redningsvest for barn

Pumper: 12 stk

Åreputer: 12 stk





dvs alt utstyr som trengs

Utstyr i naustet i Feiga september 2024:

Enkle kajakkar: 4 stk

Trekk: 3 stk

Årer: 4 stk

Vestar: 4 stk

Pumper: 2 stk

Åreputer: 4 stk

To pumper og et trekk til Venture islay cruiser bør bestillast

Alt utstyr merket med Luster Turlag, bortsett frå trekka, som er svarte og derfor vanskeleg å merke.

Registrerte utlån april-september: 250 i Vedvik og 15 i Feiga.



Vår hovudsponsor:





Dagsturhytta Eikjabu

Det har vore godt besøkt på Eikjabu i 2024, mange i kajakk eller båt. Det er vanskeleg å seie noko konkret om aktiviteten på Eikjabu. Det er ei bok å skriva i, men det er eit fåtal som skriv i boka (400-500), så det har nok vore mange fleire besøkande.

I sommar har sti vore rydda og slege rundt hytta 7 gonger. I tillegg er flytebrygga slepe ut, forankre og sette opp landgang. Om hausten må flåten demonterast, slepast tilbake til Gaupne og heisast på land for sikker lagring.

Takk til Nils, Geir Inge og Håvard for god hjelp.



Fivla

Det har vore eit normalt år på Fivla, trass noko dårleg ver i toppsesongen juli og august. Tal overnattingar er 237 i nyahytta og 77 i gamlahytta, totalt 314. Me fekk opp ca. 100 sekker med ved i september, med helikopter, slik at det skal halda rikeleg til neste sommar. Det har ikkje vore noko større arbeid på hyttene utanom vanleg ettersyn og forsyning av gass og div forbruksvarer.



Foto: Stein Bugge Næss





Fuglesteg

2024 har vore eit godt år for drifta i Fuglesteg. Der var helgevakter som kunne by på servering alle helgar frå midten av mai til midten av september, i tillegg til at ein i sju veker i høgsesongen hadde ope kvar dag med Mathias Meløy som ansvarleg leigehjelp.

Frå juni og ut sesongen hadde Maria Gerd Borlaug bilete utstilte i fjøsen, noko som skapte interesse, aktivitet og ein del sal.

I juli kom Sigrid Moldestad og Torbjørn Netland og hadde ein svært flott konsert for rundt 130 tilhøyrarar. Den økonomiske avtalen var slik at arrangementet gav eit godt økonomisk tilskot til turlagskassen.

Anders Johnsen fekk sett opp teljeapparat midt i sesongen, og med litt justering på plassering skal ein no få ein mykje betre oversikt over besøkstalet enn hittil. I 2024-sesongen meiner me at det har vore meir enn 5000 innom tunet og rundt 400 overnattingar i husa. Fleire har feira runde år der oppe denne sommaren.

Planlegginga av det siste byggjetrinnet – løa bakom steinstova – har teke ein del tid. Når året går mot slutten, er ein inne i søknadsprosessen for å finansiera bygget. Om alt går som tenkt, vil det vera ein ny bygning å feira mot slutten av neste sommar.

Elles fekk høgdegarden vår den beste reklamen som tenkjast kan i haust, då ein trønder som har besøkt alle dei 600 DNT-hyttene i landet, i NRK sin dagsrevy på spørsmål om kva som er den finaste hytta i landet, utan å nøla, svara: Fuglesteg





Tungestølen Turisthytte

Årsmelding 2024 for Tungestølen

Luster Turlag har hatt avtale med Jørn Erik Kolding om drift av Tungestølen Turisthytte.

Hytta var open frå 1. juni til 22. september. Tal overnattingsdøgn i 2024 var 1323 som er 531 eller 67 pst meir enn i 2023. Leigeinntektene til Luster Turlag for 2024 blei kr 350.995. Dette er den beste sesongen nokon gong. Vi har ikkje tal over dagsbesøkande, men omsetninga på kafédrifta har og auka.

Drifta har vore god, og generelt gode tilbakemeldingar frå tilfredse besøkande på både mat og opplevingar elles. Hytteanlegget har fungert godt, bortsett frå at det har vore naudsynt med ekstratømming av septiktankane. Volumet har auka som følgje av auke i tal gjester, men og at det er mange som nyttar toalettet utan å handle i kaféen. Til neste sesong vil det bli vurder ei betalingsordning.

Utskillar som skil ut feittet frå gråvatnet frå kjøkkenet, er komen på plass og teken i bruk. Tiltaket er gjort for å skåne naturen. Det står att litt arbeid, kostnaden blir om lag 120000 eks. mva. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har dekkja halvparten, og vi kjem i tillegg til å søke kommunen om refusjon av deler av kostnadene.

Det er behov for å auke tal sitteplassar i fellesbygget. Derfor er det sett i bestilling 2 nye bord hjå Sønnesyn sag, og det vil bli kjøpt inn 16 stolar.

Det er og behov for å auke overnattingskapasiteten for tilsette. Det løyser vi for komande sesong ved å leige hytta til DNT Oslo og Omegn nede på sletta på Tungestølen. Dei har nytta hytta i samband med Basecampen for ungdom, men det arrangementet er no flytta til Leirvassbu.

Sesongopninga var 8. juni med konsert av Hafslo-belgen. Plattingen ute blei utvida for å ha større danseplass. Denne kvelden var ikkje været med oss, så arrangementet vart inne utan at det påverka stemninga – eit svært vellukka arrangement!

Andre arrangement: Foredrag med Anders Norstad om «Det er maten VÅR for pokker!», Musikk og dans med Spansk Flamenco og song og musikk med Gøran Sjølie Af Geijerstam.

Hyttestyret vil få takke vertskapet ved Jørn og kona Saule for ein fantastisk innsats og godt samarbeid i 2024. Vi er svært glade for at dei vil halde fram, og me ser fram til 2025 med stor optimisme.

Når no sesongen er over, er Austerdalshytta ei ubetjent hytte som medlemmar og andre kan nytte seg av utover vinteren og våren.



Informasjon og utbetring av turstiar

Hyttestyret har jobba med å rydde gamle og lage nye stiar. Ny sti mellom Tungestølen Turisthytte og Nystølen er ferdig, sjå eigen omtale. Arbeidet med rydding av tursti frå Tungestølen Turisthytte til



Foto: Bjarne Venjum

Austerdalsbreen er kome godt i gang. Plankar av Douglas-gran skore på Frøholm Sag i Innvik, fekk me levert i august i år. Plankane blei bunta saman til 9 hiv som Airlift har floge fram langs stien. Plana er å fullføre arbeidet med utbetring av stien i juni 2025, i hovudsak blir det å leggje ut plankar over myrparti og klopper over bekkar.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er komne godt i gang med informasjonspunktet ved parkeringsplassen opp ved hytta, i retning mot Austerdalen. Plasseringa er innafor tomte turlaget disponerer. Informasjonspunkt samt parkering ved hytta blei inngjerda i sommar. Informasjonsskilta skal fortelje om kulturlandskap, flora, fauna, brear og geologi. Eit «portalskilt» blir sett opp slik at ein ser mot breen innerst i Langedalen. Det blir opning i juni i 2025. Dette punktet vil då vere startpunktet for stien framover Austerdalen, mot Nystølen og framover Langedalen. Luster Turlag er veldig nøgd med samarbeidet med nasjonalparkforvaltarane og nasjonalparkstyret, og med deira bidrag til utvikling av informasjon- og aktivitetstilbodet på Tungestølen.

Ny tursti Tungestølen-Nystølen

Prosjektet ny tursti Tungestølen-Nystølen er no ferdig. Rekneskapen viser ein total kostnad på kr 359720 inkl. mva. Dette er kr 105380 mindre enn budsjettert. Årsaka til dette er at omfanget av arbeidet er vorte vesentleg redusert og at dugnadsinnsatsen er blitt betydeleg større enn budsjettert. 14 personar har delteke på dugnad, i alt 199 timar.



Planlegginga og gjennomføringa av prosjektet har skjedd i nært samarbeid med Jostedal Nasjonalparkstyre. Vi har hatt sluttsynfaring, og er godt nøye med den nye turstien.

Viktigast av alt. Det er alt svært mange, tilfredse turgåarar som har gått stien.

Stor takk til dei som har jobba med og finansiert prosjektet

- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- Dugnadsgjengen
- Jostedal Nasjonalparkstyre
- Entreprenør Johan Hilleren
- DNT, midlar frå Norsk Tipping



Foto: Bjarne Venjum

Stor takk til alle som har stilt opp på dugnad!

Hyttestyret for Tungestølen Turisthytte: Anne Kari Herlovsen Nes, Bente Helene Skildheim Nes, Jimmy Hilleren og Bjarne Venjum (leiar).

Internkontroll hyttene

Styret vedtok i 2022 nye rutinar for tilsyn og kontroll av brann-, gass og varslingsanlegg - og drikkevatt. Dette er følgt opp i 2024.



Foto: Stein Bugge Næss





Turleiarkurs på Tungestølen

Spektakulære Tungestølen Turisthytte DNT og naturen rundt var klasserommet då DNT Sogn og Fjordane inviterte til grunnleggjande turleiarkurs den 4.-6. oktober.

Deltakarane kom frå fleire stader i landet, 4 av deltakarane var frå Luster Turlag. Sjølv om det regna begge dagane, og turane inn Langedalen og Austerdalen gjekk i svært vått terreng, la det ingen dempar verken på humøret eller iveren etter ny kunnskap.



Foto: Roy Fauske

Årsmelding 2024



Gaupne, februar 2025

STYRET FOR LUSTER TURLAG

Oddstein Haugen
Leiar

Anne Merethe Feigum
Nestleiar

Bente Helene Skildheim Nes
Kasserar

Albert Tuften
DNT Ung

Hanne Teigen
Barnas Turlag

Marte Veivåg Aase

Liv Endresen

Gry Thyrrstrup
Organisasjonssekretær

